

## Møtereferat 12

### Komiteéen for nytt kommunenamn og heraldikk

Møtestad: Smia, Grodås

Tid: fredag 10.11. kl 15.00 – 17.00

Til stades:

Svein Otto Espe

Odd. A. Folkestad

Kari A. Hasle

Torunn Lødemel Stokkeland

Jon Tvinnereim

Referat frå dei to siste møta vart samrøystes godkjende.

Innkallinga og saklista vart samrøystes godkjende.

Vidare framdrift av kommunevåpensaka:

1. Leiaren oppsummerte status for saka og konkluderte med at heraldikaren Hans Cappelen ikkje utan vidare godtok dei innsende forslaga, nr. 23 og nr 28.  
Om nr 23 skreiv han: «Min heraldiske konklusjon er at jeg fraråder å fastsette et våpen med pennesplitten lagt på tvers over de tre ljàbladene».  
Om nr 28 skreiv Cappelen m.a.: «Skal den prinsipielle løsningen i forslag nr 2 (= nr 28 – referentens merknad) bli valgt, så bør figurene bli tegnet og formet med litt mere avstand fra hverandre, mener jeg.»  
Leiaren sin konklusjon var at Cappelen på ein høvisk måte avviser forslag nr 23, og at han meiner at 28 må justerast før det eventuelt blir valt til kommunevåpen for nye Volda.
2. Leiaren foreslo å innhente vurdering av dei aktuelle forslaga frå ein eller fleire heraldisk sakkunnige i tillegg til Hans Cappelen. Det vil vere ein «second opinion» som kan bli til hjelp for avgjerda i komiteen.
3. Odd A. Folkestad gjorde greie for kva tid vi har å gjere på fram til levering av våre konklusjonar og tilrådingar til Fellesnemnda. Svaret er enkelt: Komiteen må levere rapporten til møtet i Fellesnemnda 16.11.
4. Forslaget frå leiaren om å innhente vurderingar fekk støtte frå fleire, Svein Otto meinte at ein – slik situasjonen er – bør få vurdert om amboltforslaget (nr, 18c) kan godkjennast, jamvel om ambolten er brukt i to andre kommunevåpen (Trøgstad kommune i Østfold og Hol kommune i Hallingdal). Dette meinte dei som var til stades (Odd A. var ute då) måtte vere greitt.

5. Det var semje om at ein bør be om vurdering frå heraldisk sakkuninge som er på lista som Fylkesmannen tilrår.
6. Leiaren fekk i oppdrag å ta naudsynt kontakt med heraldisk sakkunnige for å få vurdert dei aktuelle forslaga av fleire enn ein heraldikar så fort som mogleg.

Referent

Jon Tvinnereim